



Arna kyrkje 150 år

Ein open famn

(Mark 10, 16)



Foto: Hallgeir Øgaard

Glasmåleriet i dåps-sakristiet har motiv frå forteljinga i Mark 10,13-16 om då Jesus tok småborn inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei. Det er laga i 1936 av G. Rognaldsen.

Ved å plassera biletet i dåps-sakristiet, fortel det at Jesus også tar våre små inn til seg, og gjer dei til sine born. Ja, biletet forkynter Jesu ord: «Utan at de vender om og blir som born, kjem de ikkje inn i himmelriket» (Matt 10,3).

Følg meg!

(Joh 10,27)




Foto: Hallgeir Øgaard

Glasmåleriet i preste-sakristiet har motiv frå Jesu likning om Den gode gjetaren/ hyrdingen (Joh 10,11ff). Presten har alltid vore forstått som «hyrding» for kyrkjelyden. Ved at biletet er plassert i preste-sakristiet, fortel det at presten skal representera han som er «den høgste hyrdingen» (1 Pet 5,4). Samtidig er det ei stadig påminning til presten om å forkynna slik at kyrkjelyden kan kjenna att Den gode gjetaren si røyst i hans.




Foto: Jan Kåre Jakobsen

Rekkverk. *Nedanfor:* Guds farshender (= omvendt Y) strekkjer sine armar ned mot jorda. Mennesket strekkjer sine armar (= Y) mot Gud. Dei møtest i Kristus.



Arna kyrkje fortel Ei historie om Jesus

Foto: Jan Kåre Jakobsen



Øvst på **altartavla** i Arna kyrkje er det tre bilete som – etter det vi har høyrte – kjem frå den tidlegare Mjeldalskyrkja på Osterøy. Vi kjenner ikkje til kven som har måla dei. Men bileta fortel kven Jesus er.

Biletet til venstre framstiller då Jesus vart døypt av Johannes. «Med det same Jesus var døypt, steig han opp or vatnet. Og sjå, himmelen opna seg, og han såg Guds Ande koma dalande ned over seg som ei due. Og det lydte ei røyst frå himmelen: «*Dette er Son min, han som eg elsker, i han har eg mi glede*». (Matt 3,16-17)

Biletet i midten framstiller at Jesus vart krossfest og døydde. Matteus fortel at det vart mørkt over heile landet, at det kom eit jordskjelv og at graver opna seg. Dei som heldt vakt over Jesus, «vart gripne av stor redsle og sa: «*Sanneleg, han var Guds Son!*» (Matt 27,45-54).

Biletet til høgre framstiller at Jesus tok tre av læresveinane – Peter, Jakob og Johannes – og førte dei opp på eit høgt fjell. Der vart han forvandla for augo deira, andletet skein som sola, og kleda vart kvite som lyset. Og Moses og Elia syntte seg for dei. Det kom ei lysande sky, og frå skya kom det ei røyst: «*Dette er Son min, han som eg elsker, i han har eg mi glede. Høyr han!*» (Matt 17,1-9)

Når Arna kyrkjelyd feirar gudsteneste og lyfter blikket mot desse tre bileta, tar vi del i den same lovprisinga: «Du er Guds Son!» Jesus er Herre!

På preikestol og salmenummertavler er **marmoreringa** måla som englar (bak overskriftene i denne brosjyren). Arbeidet er gjort av Sverre Myklebust.

Felleskap i trua

Kvar sundag og kvar helgedag: **Gudstjeneste** i Arna kyrkje kl 11. Dette er hovudsamlinga i kyrkjelyden. Ein gong i månaden blir denne feira som temagudsteneste. I tillegg til hovudgudsteneste: Ungdomsgudstener, Tomas-messer og ulike typar fellesskapsamlingar.

Sundagsskule annan kvar sundag kl 11.30

Lev ut trua

Hjartebanken er ein «bank» som ynskjer å

- * kopla dei som har *bruk* for praktisk hjelp med dei som kan *tilby* hjelp
- * la oss erfare at vi har bruk for kvarandre
- * byggja gode relasjonar mellom menneske
- * spreia Guds kjærleik på alle område i livet.

Kontaktperson: Kjartan Hollekve tlf. 456 63 378

Snakk om trua

I Arna kyrkjelyd er det fleire samtalegrupper (husfellesskap). Gruppene har som program at dei skal vera **livsnære**. Dette er grupper der det blir lagt til rette å snakka om kva Jesus og trua betyr i kvardagen. Alle gruppene har ein ledig stol.

Kontaktperson: Randi D. Stordal, tlf. 472 73 189

Vekst i trua

Arna kyrkjelyd held på å utvikla eit program for **trusopplæring**. Det skal omfatta alle døypte i alderen 0-18 år. Så langt omfattar programmet

- * Mi kyrkjebok (4 år)
- * Skulestart (6 år)
- * Tårnagentar (8 år)
- * Lys vaken (11 år)
- * Konfirmasjonstid (15 år)

Kontaktperson: Gro Eman, tlf 55 23 22 97